

Nyhende →

# Samanslåing: - Vi har ambisjonar

Vekstra Fjord Rekneskap AS og Hornindal Rekneskap AS slår seg saman. Det nye selskapet er ØkoRåd Fjord.



**Ingebjørg Nilsen**

**Oppdatert:** 2 dager siden

– Vi begynner å bli ein bra gjeng, konstaterer dagleg leiar Jan Ove Lotsberg og Ivar Paulsen.

På Nordfjordeid er det ni tilsette ved kontoret, i Hornindal er det åtte tilsette.

– Med denne samanslåinga er vi eit av dei største frittståande rekneskapselskapa på Nordvestlandet, fortel Lotsberg.



## Målsetting

- Vi har fleire målsettingar ved den lokale forandringar av fusjonen. Utnytte kvarandre sine sterke sider er ein av dei. Ei samanslåing gir oss også større fagmiljø, og det er positivt. I tillegg er det med på å redusere risiko ved sjukdom/permisjonar, fortel dei.
- No er vi etablert både på Sandane, Stryn, Hornindal, Valldal, Ulsteinvik og Nordfjordeid, og vi har til saman 32 tilsette. Ni av dei er under 35 år, fortel dei.
- Vi har ein bra miks i alder på dei tilsette, og det gjer at det er attraktivt å kome inn som ung, meiner Paulsen.



- Vi blir sterkare saman, meiner f.v. Ivar Paulsen og Jan Ove Lotsberg i det nye ØkoRåd Fjord. FOTO: INGEBJØRG NILSEN

## Omprofilering

Det er ein stor jobb med å omprofilere så mange bedrifter, men no er både skilt og ny logo bestilt.

- Vi meiner ei samanslåing er det som må til, seier Lotsberg, og viser til at selskapa har samarbeidd i fem år allereie.
  
- Prosessen har modnast, og vore under planlegging dei to siste åra, seier han.
  
- Ei samanslåing er også viktig med tanke på å møte stadig nye krav. Lovverket krev at ein har eigne tilsette som tek seg av kvalitetssikringsarbeid. Då må ein ha ein viss storleik på selskap for å ha folk til det. Større fagmiljø gjer det også lettare å ha meir spesialisering innan ulike felt, seier Paulsen.





– Vi har vakse veldig i løpet av i fjor, og ser at det er moglegheit til å vekse endå meir, seier Jan Ove Lotsberg (i døra), her saman med tilsette ved kontoret på Nordfjordeid. **FOTO: INGEBJØRG NILSEN**

### **Små- og mellomstore**

Vekstra Fjord Rekneskap vart etablert i 2008 på Nordfjordeid, og den gong var dei to tilsette. Fire år etter gjekk dei inn i Vekstra-kjeda.

– Heile selskapet har ei omsetting på 16 millionar kroner, 40 prosent av dette er knytt mot avdelinga på Nordfjordeid, fortel Lotsberg.

– Det er stadig vekk at vi får spørsmål om nye oppdrag, til dels store nye oppdrag, men i hovudsak er det små og mellomstore bedrifter i lokalmiljøet vi har i kundebasen vår. 40 prosent av kundane er innan landbruk, elles er det mykje handverkarar, småindustri og konsulentbedrifter, fortel dei.

– Vi tar oss av det lokale næringslivet – utan dei store butikkjedene, seier Lotsberg.

– Her er ein god marknad, men vi ser at det er for lite rekneskapsførarar i heile landet, konstaterer dei.

Automatisering/digitalisering er på full fart, og dei viser til at det er viktig å ha med rette tilsette.

### **Samarbeid**

– Hornindal følte at dei var for små, og vi hadde lyst å samarbeide meir med dei. Vi trur vi blir sterkare saman, med tettare lokal forankring. Vi skal vere etablert rundt omkring, og vi skal ikkje sentralisere for å samle oss på ein stad. Vi skal vere ute der kundane sit, påpeikar dei.



## *Vi skal vere ute der kundane sit.*

– Vi har vakse veldig i løpet av i fjor, og ser at det er moglegheit til å vekse endå meir. Vi er nok ute etter nye folk etter kvart. No må vi først trimme organisasjonen, og bli samansveisa. Vi har vekstambisjonar, men vi må ta det i riktig rekkefølge, og byggje stein for stein, seier Lotsberg og Paulsen.

Dei viser til at dei ikkje er opptatt av verken kommunegrenser eller fylkesgrenser. – Vi er eit regionalt selskap, seier dei.

**Publisert:** lørdag 18. mai 2024 kl. 11:30

**Oppdatert:** 2 dager siden

